

Preses Olav Fykse Tveit

Tale ved vigslinga av Kari Mangrud Alvsvåg til biskop i Borg.

Fredrikstad domkyrkje, 24. april 2022

Må sjekkes mot fremføring

Kjære Kari,

Det er nokre dagar i livet då du på ein spesiell måte kjenner at du er ein del av Guds oppdrag i verda. Dette er ein av dei.

Sidan den første påskemorgonen har det vore om å gjere å formidle ein ny og uhøyrte bodskap til alle dei som treng å høyre det. Det var kvinner som gjorde det først. Det er bodskapen om at Gud er i mørket, og at Gud skaper noko nytt nettopp der. Den krossfeste er også den oppstandne. Nytt liv av daude gror.

Nokon må ta initiativ og vise veg for at andre skal sjå det, tru det og bli fri til å leve. No skal du Kari leie kyrkja i å fylle dette misjonsoppdraget her. Dette er di tid. Då skal du vite at dette er også Guds tid.

Du har høyrte og sett at kyrkja har bruk for deg til denne oppgåva. Du har fått spesielle gåver til å formidle den gode bodskapen slik at menneske i ulike aldrar og livssituasjonar tar den til seg.

På vegen hit i dag er du vorte forma gjennom det Gud har latt deg oppleve og lære på så mange måtar, i ditt eige liv og med ulike arbeidsoppgåver i kyrkja og i skulen.

I gudstenestefeiringa har du funne gode uttrykk for den trua du gjerne vil formidle vidare. Det er også noko frå vår nattverdliturgi som eg vil spesielt minne deg om i dag:

Etter nattverdfeiringa seier du: «Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gitt oss sin kropp og sitt blod, som han gav til soning

for alle våre synder.» Så held vi fram: «*Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige liv.*»

Vi lever i ei tid då vi verkeleg treng det som kan styrkje oss. Vi lever i ei tid som treng menneske som har styrke til å ha tru på framtida, på Guds framtid. Guds rike, det evige livet, med alle sine kvalitetar, har kome og vi kan vere med. Det trengst ei *sann* tru, som ikkje forvillar eller berre er lause tankar.

Kva er så det? Det er ei tru som tar tak i det sanne slik vi møter det både i kyrkja og utanfor kyrkja. Det har du spesielle gåver til å gjere.

Det er ei tru som byggjer på ein bodskap som ikkje er eit påfunn, men noko som er funne. Det var sant før kvinnene og disiplane fann det. Det er sant før vi høyrer det og tar det til oss. Det er evangeliet som du skal gi vidare. Det er budskapet om den krossfeste og den oppstadne Kristus. Det er den krossfesta Gud som har kjent mørket, urett, vald og dødens krefter på sin eigen kropp. Ja, vi trur at han også har kjent dette for vår skuld og i vår stad. Gud bryt på sin måte syndas makt og følgjer, som ei soning for våre synder.

Gjennom oppstoda har Gud vist at det er sant at livet vann, gjennom mørket og lidinga. Den sanne trua er tillit til den Gud som lir med oss og sin skapning, og som gir oss del i oppstodas håp og krefter og trua på at noko nytt kan skje. At noko vedunderleg kan skje. At det må skje. Her og no. Det er ikkje mismotet og fatalismen som skal råde.

Men dette handlar ikkje om å forstille seg i møte med kvarandre eller med livets utfordringar. Ei sann tru er heller ikkje ei triumfalistisk eller ekskluderande haldning om at vi alltid har rett, uansett kva det måtte koste for andre menneske å bli utsatt for kva vi seier og gjer.

Stundom får menneske ei oppleving av at det kyrkja har å gi, ikkje styrkjer dei. Nokon har opplevd at deira frimod, ja, til og med deira fred og deira tru kan bli svekka av det nokon har meint å formidle i Guds namn.

Eit teikn på ei sann tru er at ho gir menneske håp og evne til å elske. Det kyrkja gir, kan styrkje oss, fordi det er ei gåve som ikkje er avhengige av oss, men som vi alle, på lik linje, kan ta imot. Det kjem til oss spesielt i sakramenta, i teikna på Guds nåde og nærver i dåp og nattverd. Dei vil halde oss oppe, gir oss frimod til å tru, håpe og elske. Slik at vårt liv kan verte ei velsigning for andre gjennom det vi har å gi vidare.

Ei sann tru formidlar Guds kjærleik til alt og alle Gud har skapt. Det gjer at du kan halde fram med å vere open i møtet med menneske som har ein annan bakgrunn eller ei anna tru.

Det er ei tru som får oss til å handle, fordi vi tar sanninga om verda vi lever i på alvor. Ei sann tru får oss til å ikkje vere redde for å tale sant om kva som er rett eller galt. Enten det gjeld miljøet vi lever i, eller det er i konflikta og krig som øydelegg, eller det er i møte med urettferd og liding. Det handlar om å vere sanninga tru i kjærleik.

Det er ei slik sann tru du som biskop skal formidle. Du skal sjå til at kyrkja gir vidare ei sann tru i alt det vi seier og gjer.

Det er mange, ikkje minst mange barn og unge, som du skal formidle dette til. Du kan det. Du har vist veg. Du gir dei plass her i gudstenesta og elles i dine prioriteringar. Hald fram med det. Dei er både kyrkja i dag og kyrkja i morgon. Dei treng ei sann tru som kan halde dei oppe i møte med det som kjem.

Du har fortalt om di første preike at du som fem-åring på ein busstur tok ordet og siterte frå ein kjent sang: «Ja, nå vet jeg vil: Jeg vil følge Jesus.» Når du seier «ja» og vert vigsla til det oppdraget du i dag får, er det den samme Jesus, den krossfeste og oppstandne, du følgjer. Han har lova å følgje deg og dei du går og arbeider saman med. Alle dagar, til verdas ende.

Amen.